

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/23	Formannskapet	PS	23.03.2023
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FA-B00, TI-&01	20/73

Framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver og Austrheim om Åsheim krins

Vedlegg:

Samarbeidsavtale vedtatt i Alver kommunestyre 23.02.2023

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

Formannskapet - 032/23 - 23.03.2023

FS - behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Per Lerøy (Ap), Morten Sognnes (H) og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa etter tur at det hadde tatt tid å få denne avtalen på plass, men at det ikkje har stått på Austrheim, og at det er bra at det no er i orden.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Formannskapet tilrår framlegg til avtale mellom Alver og Austrheim kommune vedkomande elevar som høyrer til "Åsheimkrinsen" i Alver kommune, som skal gå på Kaland skule.

Saksopplysninger:

Innleiing:

Våren 2022 har ein i eit samarbeid mellom Alver og Austrheim kommunar forhandla frameit framlegg til ein avtale mellom kommunane som gjeld framtidige elevar som skal gå på Kaland skule, som bur i «Åsheim-krins» i Alver kommune.

Avtalen, sjå vedlegg, vart vedtatt av kommunestyret i Alver 23.02.23.

Plan for vidare saksgang:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur signerer avtalen som sender den i retur til Alver kommune, og følg opp saka vidare i tråd med avtalen.